

Møteinnkalling

Utval:	Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad:	Forskjønnelsen, 8. etasje, Wigandgården, Agnes Mowinckelsgate 6
Dato:	27.08.2019
Tid:	10:00

Program

Kl 10:00 - Saksbehandling

Til dette møte har Birgitte Svanevik meldt forfall. Vara kan ikkje møte.

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i yrkesopplæringsnemnda, og varamedlem for lærlingerepresentanten. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.



Roger Pilskog
leiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 26/19	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste		
PS 27/19	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 28.05.2019	2019/371	
PS 28/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 5/19	Handlingsplan for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme	2016/2578	
PS 29/19	Ymse		
PS 30/19	Auka gjennomføring og fleire ut i lære – tilrådingar inn mot Vestland 2020	2017/1228	

PS 26/19 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste



Arkivnr: 2019/371-6
Saksbehandlar: Ann-Magritt Juvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	27/19	27.08.2019

Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 28.05.2019

Forslag til vedtak

Møtebok frå yrkesopplæringsnemnda sitt møte 28.05.2019 vart godkjent.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Torbjørn Mjelstad
fagopplæringssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Utval: Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad: Forskjønnelsen, 8. etasje, Wigandgården, Agnes Mowinckelsgate 6
Dato: 28.05.2019
Tidspunkt: 10:00-13:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Tom Knudsen	Nestleiar	NHO
Birgitte Svanevik	Medlem	NHO
Sølvi Olrich Sørebo	Medlem	KS
Roger Pilskog	Leiar	LO
Rita Jordal	Medlem	LO
Atle Rasmussen	Medlem	LO
Vilde Stokken	Medlem	Lærlingrepr.vara

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Fredrik Øsleby	Medlem	Lærlingrepr.

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
John Helge Gullaksen	Roald Steinseide	H

Merknader

Emil Gadolin, leiar for opplæring og helse deltok i møte
Sigrid Isdal, elev- og lærlingombod deltok i møte

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Fagopplærings sjef
Anne Sara Svendsen	Leiar bedrift og formidling
Signe Sætre	Leiar prøve og dokumentasjon
Kristine Angelsen	Rådgjevar/jurist
Ann-Magritt Juvik	Som sekretær

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 19/19	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 20/19	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 07.05.2019	2019/371	
PS 21/19	Referatsaker (meldingar)		
PS 22/19	Ymse		
PS 23/19	Samarbeid mellom fagskulane i komande Vestland og Høgskulen på Vestlandet	2019/10893	
PS 24/19	Oppfølging av verbalpunkt frå fylkestinget - internkontroll i lærebedrifter	2019/11230	
PS 25/19	Oppfølging av skulebruksplanen (SBP) - løypemelding vår 2019	2016/4130	

PS 19/19 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 28.05.2019

Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.

PS 20/19 Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 07.05.2019

Forslag til vedtak

Møteboks frå yrkesopplæringsnemnda sitt møte 07.05.2019 vert godkjent.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 28.05.2019

Vedtak

Møtebok frå yrkesopplæringsnemnda sitt møte 07.05.2019 vart godkjent.

PS 21/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 28.05.2019

Ingen referatsaker (meldingar) til dette møte.

PS 22/19 Ymse

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 28.05.2019

Baste Tveito, daglig leder Nordhordland næringslag orienterte om: Samarbeid mellom skole og arbeidsliv i utdanning og opplæring.

Bjørn Lyngedal, fylkesdirektør opplæring orienterte om organisering av opplæringsavdelinga i nye Vestland fylkeskommune.

Tom Knudsen og Roger Pilskog sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesdirketør opplæring på vegne av NHO/LO:

Yrkesopplæringsnemnda viser til orientering vedrørende organisering av opplæringsfeltet i «nye» Vestland fylke.

Yrkesopplæringsnemnda vil be om at fagopplæringen og ledelsen av denne tydelig fremkommer i organisasjonskartet.

Røysting

Knudsen/Pilskog sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke oversendt fylkesdirektør opplæring

Torbjørn Mjelstad orienterte, og delte ut kopi av brev om godkjenning som Opplæringskontor i Hordland sendt til Opplæringskontoret i Austevoll.
Orienterte også om prosessen til nå med oppfølging av frisørbedrift.

Anne Sara Svendsen orienterte om formidlingstala pr. 27/05-2019, 1026 av 2326 søkjarar har til no fått lære plass.

Signe Sætre orientert om arbeid med oppnemning av nye prøvenemnder, dette arbeidet er i samarbeid med Sogn og fjordane..

Sølvi Olrich Sørebo har mottatt følgjande e-post frå ein kommune:

« Som arbeidsgiver merker vi oss at svært mange elever ikke er i stand til å søke på våre utlyste stillinger. De klarer ikke å fylle ut en elektronisk søknad, og gjør ikke det de blir bedt om i utlysningen. Dette skaper stort merarbeid for oss som arbeidsgiver. Skolene bør i større grad legge til rette for , og legge vekt på at elevene er tilsetningsklar, også når det gjelder en så vesentlig sak som å søke på en jobb»

Oversikt over godkjente lærebedrifter i Hordaland frå 18.01. til 24.05.2019 vart delt ut.

PS 23/19 Samarbeid mellom fagskulane i komande Vestland og Høgskulen på Vestlandet

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 28.05.2019

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

PS 24/19 Oppfølging av verbalpunkt frå fylkestinget - internkontroll i lærebedrifter

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 28.05.2019

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

PS 25/19 Oppfølging av skulebruksplanen (SBP) - løypemelding vår 2019

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 28.05.2019

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

PS 28/19 Referatsaker (meldingar)



Notat

Dato: 15.08.2019
Arkivsak: 2016/2578-7
Saksbehandlar: laikle3

Til: Yrkesopplæringsnemnda
Utval for opplæring og helse
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Handlingsplan for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme

Fylkesrådmannen la 15.08.2017 fram forslag til *Handlingsplan for forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme 2017-2020* for Hordaland fylkeskommune. Planen vart vedtatt i Fylkesutvalet 20.09.2017, sak 2016/2578. Handlingsplanen kom i stand etter eit samarbeid om Bergen kommune sin handlingsplan i 2015, der Hordaland fylkeskommune var samarbeidspart for fleire tiltak. Fleire av desse tiltaka hadde ungdom i målgruppa, ei målgruppe som Hordaland fylkeskommune har opplærings- og oppfølgingsansvar for.

Det var i 2014 at regjeringa la fram sin *Handlingsplan mot radikaliserings og voldelig ekstremisme*, og han markerte starten på det nasjonale og regionale arbeidet med å samarbeide om og koordinere det førebyggjande arbeidet. Regjeringa gav mandat til politiet om å samarbeide med utarbeiding av lokale og regionale handlingsplanar. Representantar for skuleleiing, elevteneste, elevorganisasjonar, opplæringskontor og Ungdommens fylkesutval var med å gi innspel til planen. Planen vart presentert i info & drøftingsmøtet 14.07.2017 og i følgjande utval:

Yrkesopplæringsnemnda	29.08.2017
Utval for opplæring og helse	05.09.2017
Fylkesutvalet	20.09.2017

Handlingsplanen omhandlar tema der både tilfang av kunnskap og erfaringar er i endring, både lokalt og regionalt, men òg nasjonalt og internasjonalt. Handlingsplanen omfattar fire innsatsområde. Det er særleg innsatsområde fire som er utvida og revidert: *Innsatsområde 4: Førebygging av nettradikaliserings* omhandlar utfordringar med propagandabaserte narrativ og konspirasjonsteoriar som er sentrale i ekstremistiske miljø. Internett gjer det enkelt å finne meningsfeller, og hatefulle ytringar kan ha alvorlege konsekvensar. Kritisk tenking, kjeldeforståing og orientering i ny og gammal kunnskap er kjerneoppgåver for lærarar – og for skulebibliotekarar. Skulen skal førebu elevane på deltaking i eit mangfaldig demokratisk samfunn. Innføring av Fagfornyinga i skulen med mellom anna ny overordna del av læreplanen gir grunnlag for ei brei og systematisk satsing på dette.

For tilsette med ansvar for ungdom både i og utanfor vidaregåande opplæring er det krevjande å møte desse utfordringane. Derfor er det førebyggjande arbeidet i stor grad knytt til kompetanseheving av lærarar, skuleleiarar og andre med slikt ansvar. Her er lærarar i fengselsundervisninga og instruktørar for lærlingar også inviterte. Hordaland fylkeskommune har utvikla eit tredagars kurs som i oktober 2019 skal gjennomførast for fjerde gong. Det er Rafto undervisning og Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging (RVTS Vest) som står for det faglege innhaldet i kurset. Responser frå tidlegare deltakarar er svært god, og kursmodellen er forbetra og vidareutvikla.

Samarbeidet regionalt mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune, politiet, religiøse leiarar, RVTS Vest og Rafto undervisning er viktig for gjennomføring av tiltaka i planen. Å ha ein god dialog, eit fungerande nettverk og eit felles språk om utfordringane er heilt nødvendig. Den som måtte vere bekymra, enten i eller utanfor skulen, skal vite kven han eller ho kan kontakte. Rettleiaren som er sendt ut til alle skular og publisert på HFK sine heimesider, inter- og intranett, gir nødvendig informasjon.

Utdanning av mentorar som kan ta kontakt og komme i dialog med den som nokon er bekymra for, er ei verdifull ordning som tilsette i HFK og andre kan nytte seg av. Oppdatert og integrert kunnskap hos leiarar, lærarar og andre tilsette er like viktig.

I lys av dette legg fylkesrådmannen fram revidert Handlingsplan for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme 2017-2020 for Hordaland fylkeskommune til orientering.

Vedlegg:

1. Handlingsplan for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme
2. Rettleiar



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Handlingsplan for førebygging av
radikalisering og valdeleg
ekstremisme

2017-2020

Innleiing

Regjeringa la fram sin «Handlingsplan mot radikaliserings og voldelig ekstremisme» i juni 2014. Førebyggingsarbeidet er sentralt for å sikre grunnleggjande verdiar som demokrati, menneskerettar og tryggleik. Regjeringa såg at det var behov for meir kunnskap, meir samarbeid og betre koordinering av arbeidet på området. Målet med å fange opp personar i risikozonen så tidleg som mogeleg krev innsats på tvers av fagområde og samfunnssektorar.

Sidan 2015 har fleire kommunar og fylkeskommunar utarbeidd handlingsplanar og rettleiarar. Det same har ulike politidistrikt. Hordaland fylkeskommune sin handlingsplan byggjer i stor grad på Bergen kommune sin handlingsplan, der Hordaland fylkeskommune er ansvarleg samarbeidspart på fleire tiltak. Bergen kommune sin handlingsplan har regjeringa sin handlingsplan som utgangspunkt, og det same vil gjelde for handlingsplanen til Hordaland fylkeskommune. I prosessen med utarbeiding av planen er også radikaliseringskontakten i Vest politidistrikt deltakar.

Som regjeringa sin handlingsplan, vil også denne vere dynamisk, slik at han blir oppdatert ved behov. Tiltaka i planen kjem i tillegg til det kontinuerlege arbeidet med inkludering og styrking av skule- og læringsmiljø.

Tiltaka i denne planen gjeld for opplæringssektoren på dei områda som Hordaland fylkeskommune har eit ansvar. Tiltaka må i all hovudsak utarbeidast i samarbeid med andre etatar og forvaltningsnivå. Eit viktig samarbeid er med Rafto undervisning og Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsforebygging/RVTS Vest, som regjeringa har gitt ansvar for kompetanseheving på feltet.

Aktuelle utfordringar

Arenaene for radikaliserings er blitt fleire og meir komplekse enn på til dømes 1990-talet. Regjeringa peikar på tre utfordringar som særleg gjer arbeidet krevjande:

- Framvekst av internett og sosiale media som virtuell radikaliseringsarena
- Internasjonale forhold som har fått stor betydning for trugsmålssituasjonen, t.d. Norges deltaking i internasjonale aksjonar
- Fare for auka polarisering mellom grupperingar

Det er etablert samarbeid i Norden i form av eit formelt nordisk nettverk innan førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme. Å styrke kunnskapsdeling av forskning og metodeutvikling, samt erfaringsdeling når det gjeld den praktiske innsatsen er formålet med dette. Tiltak i Hordaland fylkeskommune sin handlingsplan byggjer også på dette samarbeidet.

Definisjonar og sentrale omgrep

Valdeleg ekstremisme

Med valdeleg ekstremisme meiner ein personar og organisasjonar som er villige til å bruke vald for å nå dei politiske, ideologiske eller religiøse måla deira. Den valdelege ekstremismen kan vere relatert til høgreekstremisme, ekstrem islamisme, m.m.

Radikalisering

Radikalisering skildrar korleis personar gradvis tar avstand frå dei demokratiske prinsippa i samfunnet og i aukande grad aksepterer bruk av trugsmål og vald for å nå sine politiske, ideologiske og religiøse mål. Radikaliseringsprosessar kan skje innan alle typar livssyn, kulturell bakgrunn og politiske retningar. Prosessen kan skje gradvis, men òg framstå som ei brå endring hos ein person.

Radikalisering som fenomen

Ekstreme ytringar i ein radikaliseringsprosess kan utøvast innafor rammene for ytringsfridom. Dette er noko som eit demokrati må vere opent for. Å ha, og å gi uttrykk for slike avvikande haldningar, vil ofte ikkje kunne bli definert som kriminalitet. Det er viktig her å skilje mellom radikalisering og det å være radikal. Det er verkemiddelet, altså vilja til å bruke vald, som er sentral. Politiet kan følgeleg ikkje førebygge meiningar og ytringar berre fordi dei er kontroversielle. Likevel er det viktig å utfordre ein slik retorikk. Målsettinga for politiet er å hindre at prosessen utviklar seg til kriminalitet. Når den radikaliserte går til handling og brukar vald på bakgrunn av religiøs, politisk eller ideologisk overbevisning, så kan det true det demokratiske samfunnet vårt.

Hatkriminalitet

er kriminalitet som har rasistiske, framandfiendtlege eller homofobiske motiv, eller som på ein eller annan måte er retta mot ein person eller gruppe personar - på grunnlag av deira faktiske eller oppfatta gruppetilhørsle. Valdeleg ekstremisme kan vere hatkriminalitet, men òg trugsmål og skadeverk.

Av-radikalisering

er ein prosess som under gitte føresetnader kan føre til at ein person i mindre grad aksepterer bruk av vald for å nå politiske, ideologiske eller religiøse mål. Det finnast få program som nyttast til avradikalisering i Norge i dag. Det blir forska på området og ein håpar å få fram nye verkty. Det er ofte individbaserte løysingar som nyttast.

Nettekstremisme

er radikalisering og valdeleg ekstremisme på internett. Nettekstremismen består i å fremje ekstreme ideologiar og ytringar på internett, og som kan råkast av *straffeloven* § 135 om diskriminerande og hatefulle ytringar.

Utanforskap

eller sosial ekskludering kan forståast som individuelle og strukturelle mekanismar eller barrierar for deltaking på ulike arenaer. Ulikskap i helse, utfordringar med rus, psykiske lidningar, låg deltaking i fritidsaktivitetar, prestasjonspress, ulikskap i økonomi, samt ulike moglegheitlar for å følgje utdanningsløp og skaffe seg jobb, er døme på forhold som kan føre til utanforskap.

Innsatsområde og tiltak

Det er kunnskap og kompetanseheving som er dei viktigaste tiltaka i denne planen, naturleg nok sidan han gjeld for vidaregåande opplæring. Det er samstundes viktig å ha eit godt samarbeid på tvers av etatar og forvaltningsnivå. Politiet har mandat frå regjeringa til å vere med å koordinere arbeidet, og er pålagt å utarbeide handlingsplanar. Kommunar og fylkeskommunar er ikkje det, likevel er der handlingsplanar i mange kommunar og i nokre fylkeskommunar. Fleire av skulane i Hordaland fylkeskommune deltar i nettverk i regi av kommune/politi i eige distrikt. Det gjeld til dømes Voss – Hardanger, Sunnhordland, Askøy, Sotra, Fjell, Øygarden. Det er viktig at koordineringa blir god slik at innsatsen blir retta der han skal.

Planen byggjer på etablerte samarbeidsstrukturar:

Interne:

Opplæringsavdelinga: Seksjon skule, OT/PPT, Fagopplæring

Eksterne samarbeidspartar:

- Bergen kommune
- Andre kommunar i Hordaland, via regionleiarar og skulane
- Politiet
- Samordning av lokale, forebyggende tiltak mot rus- og kriminalitet/SLT
- Rafto undervisning
- RVTS vest

Handlingsplanen dekker følgjande innsatsområde:

1. Kunnskap og kompetanse

I tillegg til annan kunnskap om førebygging av utanforskap, er spesifikk kunnskap om fenomenet radikaliserings og forståing av prosessane rundt dette nødvendig. RVTS Vest og Rafto undervisning har dei viktigaste kompetansmiljøa i arbeidet. Kursrekker for tilsette i skulane, i fengselsundervisninga, OT/PPT, fagopplæring og opplæringskontor er viktige tiltak.

Kunnskapsportalen www.utveier.no gir allsidig og oppdatert informasjon og rettleiing om fenomenene ekstremisme og radikaliserings, også for skulane.

Bergen kommune har saman med Hordaland fylkeskommune utarbeidd ein rettleiar for korleis handtere personar som står i fare for å bli radikalisert. Rettleiaren gir informasjon om handtering og innsikt i temaet.

Ein eigen rettleiar for Hordaland fylkeskommune blei utarbeidd i 2018.

Ettersom fengselet er ein særleg aktuell arena for radikaliserings, er kompetanseheving for tilsette i fengselsundervisningen eit eige tiltak. Av omsyn til best mogleg utbytte av kursa vil dei få tilbod om gjennomføring av opplæringa saman med andre grupper.

2. Samarbeid og koordinering

Førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme krev samarbeid på tvers av etatar og forvaltningsnivå. Hordaland fylkeskommune må, saman med SLT, Politiet, Bergen kommune og øvrige kommunar i Hordaland, legge til rette for samarbeid om kompetanseheving og koordinere naudsynte tiltak. Internasjonalt samarbeid er også aktuelt i arbeidet med demokratisk opplæring i skule og arbeidsliv.

3. Førebygging av tilvekst

Målet med å lage og distribuere ein rettleiar er først og fremst å hindre radikaliserings gjennom å gje skule og opplæringsbedrift verkty til å gripe inn på eit tidleg tidspunkt og slik påvirke eleven og lærlingen i ei anna retning. Alternativa til radikaliserings må vere til stades, og her er samarbeid med frivillige aktørar viktig. Ungdommen sjølv kan styre dialogen seg imellom til dømes på dialogmøte arrangert av ungdommens bystyre og ungdommens fylkesutval, og invitere frivillige organisasjonar til dette. Biblioteka er gode offentlege arenaer for opne samtalar som kan vere mindre formelle.

4. Førebygging av nettradikaliserings

Kva er samanhengen mellom radikaliserings via internett og gjennom ulike grupperings og organisasjonar? Dette er spørsmål forskarar diskuterer både nasjonalt og internasjonalt. Store delar av det høgreekstreme miljøet i Norge er ikkje lenger dominert av ungdom, men av vaksne mellom 20 og 50 år. Dei seinaste åra har vist at grupperings som dannast internasjonalt fort kan spreiest og få oppslutning, PEGIDA og Den nordiske motstandsbevegelsen er døme på dette. Propagandabaserte narrativ og konspirasjonsteoriar er sentrale i ekstremistiske miljø. Internett gjer det lett å finne meiningsfeller, og hatefulle ytringar kan ha alvorlege konsekvensar. Det blir tyngre å halde demokratiet og ordskifte i gong når ein blir møtt med trugsmål og hatefulle ytringar, noko mange unge politikarar og andre samfunnsdebattantar opplever. Og alvorlege konsekvensar også fordi desse ytringane kan verke radikaliserande på muslimar som kan kjenne seg utstøytte og hata.

Kritisk tenkning, kjeldeforståing og orientering i ny og gammal kunnskap er kjerneoppgåver for lærarar - og for bibliotekarar. Skulen skal førebu elevane på deltaking i eit mangfaldeg demokratisk samfunn. Ludvigsen-utvalet plasserer digital og sosial kompetanse sentralt i kompetansebehovet: *Kompetanser i fremtidens skole* (NOU 2015:8). Dette inneber evna til å tileigne seg kunnskap og vere kritisk. Fordi unge er særleg utsett i møtet med ekstremistisk innhald på nettet, er det desto viktigare å fokusere på kjeldeforståing, kjeldekritikk og

nettbruk i skulen. Den overordna læreplanen og Fagfornyninga må innebere involverande prosessar. Skulen må vere arena for demokratisk medborgarskap og gjere tydeleg kva som er skulen sitt felles *vi*, for alle, der alle har betydning, fagleg og sosialt.

Tiltak 2019-2020

	TILTAK	ANSVAR	TID	OPPFØLGING
1. Kunnskap og kompetanse				
1.1	<p>Kurs: Demokratisk danning og inkludering. Forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme.</p> <p>Målgruppe: Lærarar og andre tilsette i skulen.</p>	<p>HFK opplæringsavdeling, seksjon skule, Bergen kommune, Rafto undervisning, RVTS Vest</p>	<p>Haust 2019 21.-22.10 Og 21.01.2020</p>	<p>Målgrupper: Lærarar og andre tilsette i skulen, i fengselsundervisninga, OT, opplæringskontor</p>
1.2	<p>DEMBRA: <i>demokratisk beredskap mot rasisme, antisemittisme og udemokratiske holdninger</i></p> <p>Skulebasert kompetanseutvikling for lærarar.</p> <p>Pilotprosjekt 2018-19 på Bergen katedralskole, Fyllingsdalen vgs, Slåtthaug vgs og Årstad vgs</p>	<p>HFK opplæring, seksjon skule, Rafto undervisning</p>	<p>Skuleåret 2018-19 2019-20 Gruppe-samlingar Kurs Rettleiing</p>	<p>2018-19 pilot med 4 skular 2019-20 forts. med Årstad vgs + Austrheim vgs + 2 ungdomsskular</p>
1.3	<p>DEMBRA implementering gjennom ny nasjonal handlingsplan mot rasisme og diskriminering</p>	<p>HFK/VestlandFK Opplæring og kompetanse</p>	<p>2020</p>	<p>Ta ned føringar frå nasjonal handlingsplan av oktober 2019</p>

1.4	DEMBRA implementering via arbeid med <i>Fagfornyelsen</i>	Team fagnettverk HL-senteret	Vår 2019	Samlinger om overordna del av læreplanen for alle fagnettverk
1.5	Kompetanseheving for tilsette i fengselsundervisninga	RVTS Vest, Rafto undervisning Regionleiar	Haust 2019	Sjå 1.1
1.6	Informasjonsmateriell/brosjyre til opplæringskontor og instruktører for lærlingar	Seksjon skule	2019	Rafto u. og RVTS Vest lagar innhald
1.7	Internasjonalt samarbeid: Samarbeid Norden – Baltikum <i>Dealing with controversy through education: a regional approach</i> Norsk deltakar: Askøy vgs, 2 lærarar	EWC Rafto undervisning	Haust 2018 Vår 2019	Undervegsrapport desember 2018
2 Samarbeid og koordinering				
2.1	Samarbeid med regional ressursgruppe, «Bergensmodellen»: Bergen kommune, RVTS Vest, Politiet, Bergen Moské	Regionleiar og rådgjevar	Jamnleg og ved behov	

2.2	SLT – samarbeid Regionalt politiråd	Seksjon skule, OT/PPT, regionleiarar, rådgjevar	Jamnleg	
2.3	Deltaking i lokale, regionale og nasjonale konferansar med kompetansebygging og erfaringsdeling Presentasjon av DEMBRA og det regionale samarbeidet om førebygging av radikaliserings Planlegge konferanse for Vestland FK med S.&Fj i 2019/20	Seksjon skule ved seniorrådgjevar Seksjon skule/seksjon for kvalitet	Jamnleg	-Regionalt seminar «Forebygging av polarisering gjennom inkludering» 23.10.18 -Den nasjonale konferansen mot radikaliserings og voldelig ekstremisme 24.10.18 -Nasjonal DEMBRA-konferanse 13.-14. mars 2019 -ICC Intercultural Cities Thematic seminar: «Fighting Discrimination and hate speech» Torino juni 2019 -X-TREM 2019: Konferanse om politiske ekstremisme v/POD, PST, Oslo politidistrikt og Kripas, deltaking som ekstern samarbeidspart. 8. November 2019 Planlegge for 2020/21
2.4	Internasjonalt samarbeid: Samarbeid Norden – Baltikum <i>Dealing with controversy through education: a regional approach</i>	EWC (Europeisk Wergelandsenter) Rafto undervisning	Haust 2018 Vår 2019	Undervegsrapport desember 2018 Sjå 1.7

	Norsk deltakar: Askøy vgs, 2 lærarar			
3 Førebygge tilvekst				
3.1	Gjere kjent rettleiar utarbeidd av HFK til fleire grupper: opplæringskontor,	Seksjon skule		Kvalitetssikra kontaktinfo august 2019
3.2	Tilbod om foredrag: inkludering og førebygging av utanforskap	Pål Tore Haga, radikaliserings-kontakt i Politiet	Haust 2019	
3.3	Samarbeid med frivillige organisasjonar: <ul style="list-style-type: none"> • Møhlenpris idrettslag • www.papillonbergen.no Førebyggande arbeid mot skadeleg negativ kontroll av jenter	MIL Papillon HFK Bergen kommune	2019-2020	Papillon er finansiert v/Bergen kommune. HFK gjer tilbodet kjent for skulane og elevorg.
3.4	Samarbeid om Bergensmodellen for mentoropplæring Ungdom som mentorar	Bergen kommune, RVTS Vest MIL	2017-2020	RVTS Vest som nasjonal koordinator av det førebyggande arbeidet tilbyr jamnleg mentorutdanning

3.3	Møteplass for uorganisert ungdom der ulike instansar kan tilby informasjon og rettleiing.	Seksjon skule og OT saman med Sølve Sætre, Bergen kommune	Vår 2019 utgreiing Haust 2019	Pilotprosjekt sammen med Bergen kommune Målgruppe: ungdom utanfor skule/arbeid, der nokre er bekymra for eigen/andre sin psykiske helse og mogegleg radikaliserings. Ofte i gruppa 'andre' som OT ikkje har fått kontakt med.
4 Førebygge nettradikalisering				
4.1	Tilby oppdatert kompetanse for lærarar i nettbruk og kjeldeforståing Utrede moglegheit for samarbeid med UH-sektor om etter- og vidareutdanning Kursing av elevrådsstyre om kjeldeforståing, propagandabaserte narrativ, konspirasjonsteoriar som kan føre til hatefulle ytringar	Udir, HL-senteret, Bibliotek m.fl. Seksjon skule Seksjon skule og Rafto undervisning	Haust 2020 2019/2020 2018/2019	Ressursar knytta til Fagfornyselsen Skulemiljøkonferansen september 2018 Skulemiljøkonferansen september 2019
4.2	Skape arena for offentlege samtalar om ulike tema: opne møte på biblioteka	HFK, Bergen kommune, Bergen offentlig bibliotek	Vår 2019 Haust 2019	Planlegge vår 2019



Førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme

Rettleiar

INNLEIING

Fylkestinget i Hordaland vedtok 04.10.2017 Handlingsplan for førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme. Eitt av tiltaka i planen er å gjere kjent ein rettleiar for korleis ein skal handtere situasjonar der ein møter personar som står i fare for å bli radikalisert. Arbeidet med førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme i Hordaland blei initiert gjennom samarbeid med Bergen kommune, som i 2015 vedtok ein handlingsplan.

Med denne rettleiaren ønskjer Hordaland fylkeskommune å gje eit praktisk verktøy for å følgje opp og førebyggje at personar blir radikalisert. Han er retta mot tilsette i førstelinjetenesta som grunnskule, vidaregåande skule, barnehagar, NAV, barnevern og liknande, men vil òg vere relevant for andre.

Rettleiaren er utarbeidd av Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune i tett samarbeid med RVTS Vest (Ressursenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging – region vest). Politiet er også ein viktig samarbeidspartnar. Innhaldet i rettleiaren er delvis henta frå rettleiarar utarbeidd i andre kommunar og regionar samt regjeringa sin rettleiar.

Det er lenker og referansar til desse bak i rettleiaren.

Aktuelle lenker

www.radikalisering.no

www.utveier.no

www.bergen.kommune.no – søk veileder forebygging mot radikalisering



INNHALD

06 TAUSHETSPLIKT OG PLIKT TIL Å AVVERJE LOVBROT

06 Tilsett i førstelinjetenesta

07 Avvergelsesplikten (strl.§ 139)

08 RISIKOFAKTORAR OG BEKYMRINGSTEIKN

09 Generelle risikofaktorar

09 Moglege bekymringsteikn

10 KVA GJER EG VED BEKYMRING?

12 Kven kan kontaktast ved bekymring?

12 E-postadresser for tips

13 Moglege tiltak

15 NARRATIV

15 Faisal (tidlegare jihadist)

16 Kimmie (tidlegare høgreekstrem)

17 SENTRALE OMGREPSAVKLARINGAR OG DEFINISJONAR

TEIEPLIKT OG PLIKT TIL Å AVVERJE LOVBROTT

Offentlege tilsette må ta omsyn til lovverket for den enkelte si teneste, til dømes ved deling og lagring av informasjon. Reglar for sensitive personopplysningar kan vere relevante.

Ein person sitt politiske og/eller religiøse oppfatning kan oppfattast som ei sensitiv personopplysning. Eit samarbeid med andre tenester bør byggje på anonymisering eller eit samtykke. Men det er viktig å understreke at plikta til å avverje alvorleg lovbrudd går framfor lovgivninga om teieplikt.



Avvergelsesplikten (strl. § 139)

Med bot eller fengsel inntil 1 år straffes den som unnlater å anmelde til politiet eller på annen måte å søke å avverge en straffbar handling eller følgene av den, på et tidspunkt da dette fortsatt er mulig og det fremstår som sikkert eller mest sannsynlig at handlingen vil bli eller er begått. Avvergingsplikten gjelder uten hensyn til taushetsplikt. 5



RISIKOFAKTORAR OG BEKYMRINGSTEIKN

Intensjonar og motivasjon for radikalisering og ekstremisme er ofte samansett. Det kan botne i eit ønske om å provosere og utfordre for å få merksemd for eigen del eller for ei sak. Det kan vere knytt til eit ønske om å bli sett og finne vener, sosiale nettverk og identitet eller søking etter spaning, status og makt. For andre kan det vere ein del av ein reaksjon på krig, overgrep, undertrykking, fattigdom og marginalisering. For nokre kan det handle om innvandrar- og flyktningsskeptiske / fiendtlege haldningar. For andre kan årsakene vere press / motivasjon / påverknad som tek utgangspunkt i det transnasjonale familielivet og nettverket deira.

Det finst ingen fasit i førebyggjande arbeid. Motivasjonen kan vere samansett og det kan vere fleire moglege bekymringsteikn. Her er nokre tips til moglege bekymringsteikn eller signalar som ikkje nødvendigvis er bekymringsfulle i seg sjølv, men kan være det samla. Lista er ikkje tilstrekkeleg.

Generelle risikofaktorar

Opplevd utanforskap og krenkingar

- Ekskludering
- Marginalisering – ei subjektiv oppleving av å bli krenka som individ og gruppe. Kan leie til eit forenkla samfunnssyn

Moglege bekymringsteikn

Uttale / ytringar

- Legitimerer å bruke vald for å oppnå ideologiske, politiske og / eller religiøse mål
- Intoleranse for andre sine synspunkt
- Utrykker konspirasjonsteoriar
- Gir uttrykk for hatefulle ytringar

Utsjånad / symbolbruk

- Endring av utsjånad og klesdrakt
- Bruk av symbol knytt til ekstremistiske ideal og organisasjonar
- Endring av åtferd og til dømes fråfall frå skulen

Aktivitetar knytt til hatkriminalitet

- Bruk av trugsmål og vald som følge av ekstremisme
- Deltaking i demonstrasjonar og valdelege samanstytt med andre grupper
- Omfattande bruk av nett og sosiale medier for å søkje og dele informasjon om ekstremisme
- Reiseverksemd som kan føre til kontakt med radikale miljø og ekstremistar

Vennar og sosiale nettverk

- Endring av nettverk og kjente
- Omgang med personar og grupper som er kjent for ekstremisme
- Medlemskap i ekstremistiske grupper, nettverk og organisasjonar



KVA GJER EG VED BEKYMNING?

Å førebyggje radikalisering er mykje det same som å førebyggje fråfall i skulen, rusproblematikk og kriminalitet. Det handlar om å gripe inn tidleg og med samordna innsats for å hindre at unge menneske fell utanfor på ulike måtar.

Er du bekymra for at ein person står i fare for å bli radikalisert? Då kan du følgje handlingsløypa på neste side:

Kva gjer eg ved bekymring?

Ta bekymringa på alvor

- Gjer klart for deg sjølv kva du er uroleg for, og tenk gjennom kva du treng for å redusere din eigen uro.
- Hent inn kunnskap om temaet.
- Identifiser og vurder bekymringsteikn jf. side 9.

Drøft bekymringa

- Drøft bekymringa med næraste leiar. Viss vedkomande går på skule, kan bekymringa eventuelt også drøftast i tverrfagleg team.
- Det er også mogleg å drøfte saka anonymt med ressurspersonar i politiet og i kommunen. Sjå kontaktinformasjon under.
- Det avtalast kven som har hovudansvar for å følgje opp bekymringa, kven, korleis ein skal gå i dialog med personen og kven som skal gjere det.

Gå i dialog med den det gjeld

- Når du har funne ein måte å ta opp problemet på kan du gå i dialog med den det gjeld om bekymringa.
- Rettleiaren på regjeringen.no har tips om samtaleverktøy.

Vurder melding av bekymring

- Når bekymringa varer ved kan du drøfte ho med politi og / eller barnevern, og ta stilling til om bekymringa skal meldast.

Tiltak og oppfølging av den enkelte

- Gjer klart kven eller kva for instans som er ansvarleg for den vidare koordineringa og oppfølginga av den enkelte. Lokalbaserte førebyggjande tiltak anbefalast, gjerne koordinert gjennom tverrfaglege team på skulen der dette er aktuelt.
- Ved behov for særtiltak kontaktast ein av instansane under.

Ved informasjon om personar som har deltatt eller planlegg å delta i væpna kamp i utlandet

- Drøft informasjon med næraste leiar.
- Vurder om varslingsplikta til politiet gjeld jf. avverjelsesplikta § 139 i straffelova.

Kva gjer eg ved bekymring som privatperson?

Er du privatperson og er bekymra for at ein venn, ein nabo, ein kollega, eit barn, ein forelder, eit familiemedlem eller andre er i ferd med å radikaliserast?

Ta bekymringa på alvor

- Gjer klart for deg sjølv kva du er uroleg for, og tenk gjennom kva du treng for å redusere din eigen uro.
- Ta ansvar for bekymringa di.

Rådfør deg med fagfolk

- Rådfør deg med politi / alarmtelefon eller andre fagfolk ved fortsett bekymring. Det er mogleg å vere anonym.

Ved informasjon om personar som har deltatt eller planlegg å delta i væpna kamp i utlandet

- Kontakt politiet på 02800 eller PST 900 21 757.

Kven kan kontaktast ved bekymring?

Politiet ved radikaliserings-koordinator	405 55 318 (kl. 07.30–15.30) 02800 (heile døgnet)
Utekontakten	55 56 86 00 / 97740533
Barnevernstenesta i aktuell bydel	sjå www.bergen.kommune.no
PST, politiets sikkerhetstjeneste	900 21 757 (heile døgnet)
Alarmtelefon for barn og unge	116 111 (gratis, heile døgnet)
RVTS vest v/radikaliseringskoordinator	906 97 525
Politiet	tips-hordaland@politiet.no
PST	post@pst.politiet.no



Moglege tiltak

Det er summen av dei førebyggjande innsatsane mot kriminalitet, hatkriminalitet og valdeleg ekstremisme som gjev resultat. I regjeringa sin handlingsplan mot radikalisering og valdeleg ekstremisme (2014) leggjast det opp til ei brei tilnærming til utfordringane. Det førebyggjande arbeidet skal styrkast gjennom auka kunnskap, meir samarbeid og betre koordinering. Innsatsen må styrkast på tvers av fagområde og samfunnssektorar. Målet er å fange opp personar i risikozonen så tidleg som mogleg, og møte dei med tiltak som verkar. Her følgjer nokre av tiltaka som kan settast i gang for å snu ei negativ utvikling:

Dialog

Dialog er ein sentral metode for å førebyggje radikalisering. Kommune og politi har dialog med moskear, organisasjonar og andre trussamfunn.

Bruk ansvarsgrupper

For personar som er i kontakt med ulike tenester kan det etablerast ei ansvarsgruppe. Der det er etablerte strukturar kan disse brukast.



Mentorordning

Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune brukar mentorordning som metode for å førebyggje radikalisering. Utekontakten i Bergen kommune har eit hovudansvar for denne oppgåva. Mentorane er kursa av RVTs vest si mentorutdanning og jobbar i utekontakten, NAV, skule, barnevern, introduksjonsprogrammet og idrett. Dei representerer eit mangfald i kjønn, etnisitet, religion og språk, noko som også utgjer viktig kompetanse.

Målgruppene som mentorane jobbar med er personar som:

- Står i fare for å bli del av ein radikaliseringsprosess
- Har returnert frå irregulær krigføring i konfliktområde
- Individ som er ein del av ekstreme nettverk
- Familiar der ein eller fleire familiemedlem enten er del av, eller er på veg inn i ekstreme grupperingar.

Mentorordning etter denne typen modell inneber at det etablerast eit individuelt prosjekt rundt kvar enkelt person med utgangspunkt i deira individuelle føresetnader.

Bekymringsamtalar

Dette er et dialogbasert verktøy som politiet primært nyttar overfor unge og deira føresatte. Det er eit verktøy som nyttast for å avdekke uønskt / kriminell åtferd som kan føre til utvikling av ein kriminell løpebane.

FAISAL

(tidlegare jihadist)

– Eg kom til Noreg som åtteåring saman med ein far som etter kvart blei valdeleg og sleit med krigstraume. Eg hamna ofte i konflikhtar og utøvde vald, noko som gjorde at eg droppa ut av vidaregåande skule. Etter kvart fekk eg jobb som dørvakt, men blei sjukemeld etter eit overfall på jobben. Eg opplevde lite støtte frå NAV, kommunen og vener. Etter valdsepisoden blei eg meir og meir isolert frå vener og familie og opplevde lita meining med livet. Eg var nedstemt og var på leit etter løysingar på problema mina.

«Då alle vende meg ryggen, var det berre han som hjalp meg»

Faisal mister jobben. Kjem i kontakt med ein truande vaktmeister der han bur. Bodskapan vaktmeisteren kjem med gir ei kjensle av meining og ro.

«Dei skildrar korleis eg har det – og tilbyr ei løysing»

Faisal blir gradvis meir og meir interessert i islam og Koranen. Han søker aktivt på internett og andre medium om islam og undertrykkinga muslimar blir utsett for. Faisal opplever at verda er i krig og han må velje side. Han blir opptatt av å verje lillesøster mot farane i samfunnet.

«Eg må bryte med vestlege verdier»

Faisal endrar klesstil og utsjånad. Han blir aktiv i lokal moské og tek avstand frå vener og familie. Utad framstår Faisal meir roleg beherska, han slutter å drikke alkohol og deltek ikkje lenger på festar.

«Vi må stå for det vi meiner – dei må høyre vår stemme»

Faisal deltek i nettsamfunn og oppretter eigne bloggprofilar på internett. Han støttar aktivt ytringar med ekstremt innhald. Nyansane forsvinn: «dei som ikkje er med oss, er mot oss». Han blir del av eit sosialt fellesskap som deler same verdier.

«Han fekk meg til å tenkje»

Faisal får god kontakt med ein imam som blir bekymra over dei standpunkta og ytringane han har. Dei innleier diskusjonar som gjer at Faisal begynner å tvile på si eiga overbevisning. Han har fått ny saksbehandlar hos NAV som arbeider aktivt for at han skal kome tilbake i jobb. Faisal begynner også å trene og blir oppteken av kosthald.

«Dei forstår korleis eg har det»

Faisal kjem i kontakt med ein svensk-syrisk mann via ein nettstad. Han opplever at han blir verdsett og møtt med forståing for situasjonen sin. Mannen inviterer han til Sverige. Faisal takkar ja og oppheld seg ei veke med mannen og venene hans. Han kjem tilbake frå Sverige og blir kontakta av mannen sitt nettverk her heime. Faisal blir gradvis meir opptatt av våpen og militær trening.

«Eg må gjere noko»

Faisal har bestemt seg for å slutte seg til krigen i Syria gjennom den svenske kontakten sin. Han skriv eit brev til søstera si før han reiser.

«Noko å døy for»

Han rapporterer stolt via internett korleis han deltek i strid, dreper vantro og redder verda.

KIMMIE

(tidlegare høgreekstrem)

- På heimebane var det veldig mykje rasisme, ingenting hos mamma – men først og fremst hos pappa. Dei var imot homoseksualitet, handikap, innvandrarak og mest av alt muslimar. Det handla om tilhøyrslar og trongen til ein fellesskap.
- Eg kjente meg som ein «nobody».

Ga meg ei god kjensle

Ein dag skjedde det som var første trinnet på vegen inn i det høgreekstreme miljøet.

- Eg fann ein musikk-cd som eg tok med heim og spelte gong etter gong. Det ga meg ei god kjensle, så det festa seg lett. Eg blei meir stolt over å vere svensk, ein kan seie at eg følte eg fekk ein ny identitet.
- På skulen og i nærmiljøet var det adhd-diagnosen hans som fekk alt fokuset.
- Det var aldri nokon som lytta til meg, det var berre snakk om diagnosen.

Rasistisk innhald

Han fekk etter kvart låne fleire cd-ar, inkludert «kvit makt»-musikk, med svært rasistisk innhald.

- Eg hang opp plakatar og svenske flagg på rommet og begynte å omgås han eg hadde lånt skivene av. På eit tidspunkt begynte eg å kle meg som han, eg barberte av meg alt håret og tok på meg skinnjakka.
- Etter cirka halvanna år blei Kimmie ein del av miljøet, og mobbinga tok slutt.
- Eg hadde fått ein ny identitet og ei tilhøyrslar. Då spelte det inga rolle for meg at det var eit destruktivt miljø – eg fekk vere ein del av noko, seier Kimmie.

Rus og vald

Som 14-åring blei han med på eit møte i nasjonalsosialistisk front, og tre år seinare blei han gruppeleiar. Til slutt blei han distriktsleiar, og ein profilert leiar-figur i Sverige. Rus og vald sto sentralt.

- Vi drakk før vi drog ut for å slåst. Det var ikkje så mange innvandrarak i den lille byen vi budde i, men vi leitte etter dei. Fann vi ingen, tok vi nokre andre – til dømes antirasistar.

Etter kvart hamna han i ein ungdomsheim, der han brukte tida til å studere nasjonalsosialisme.

- Då eg kom ut igjen blei eg intervjuet på tv – og det ga meg ei kjensle av å vere nokon. Eg som ikkje hadde vore nokon som helst – fekk plutselig kome på tv!

Kilde: www.utveier.no



SENTRALE OMGREPSAVKLARINGAR OG DEFINISJONAR

Med **valdeleg ekstremisme** meinast personar og organisasjonar som er villige til å bruke vald for å nå dei politiske, ideologiske eller religiøse måla deira. Den valdelege ekstremismen kan vere relatert til høgreekstremisme, ekstrem islamisme eller liknande.

Radikalisering skildrar korleis personar gradvis tek avstand frå dei demokratiske prinsippa i samfunnet og i aukande grad aksepterer bruk av trugsmål og vald for å nå dei politiske, ideologiske eller religiøse måla deira.

Proessen kan vere svært kompleks med mange faktorar som spelar inn, eller ein enklare prosess der nokre få faktorar blir avgjerende. Han kan variere frå person til person og frå gruppe til gruppe. Radikaliseringsproessar kan skje innan alle typar livssyn, kulturell bakgrunn og politiske retningar. Proessen kan skje gradvis over lengre tid eller kortare tid, men også sjå ut som ein akutt endring hos ein person.



Radikalisering som fenomen. Ekstreme uttaler i ein radikaliseringsprosess kan utøvast innanfor rammene for det som er ytringsfridom. Dette er noko som eit demokrati må vere opent for. Det er viktig å skilje mellom radikalisering og det å vere radikal. Det er verkemiddelet, altså vilja til å bruke vald, som er det sentrale. Politiet kan ikkje førebyggje meiningar og ytringar berre fordi dei er kontroversielle. Målsetjinga for politiet er å avgrense risikoen for at radikaliseringa utviklar seg til kriminalitet, og i ytterste konsekvens resulterer i valdelig ekstremisme. Når den radikalisererte går til handling og nyttar vald på bakgrunn av religiøs, politisk eller ideologisk overtving, kan det true vårt demokratiske samfunn.

Av-radikalisering er ein prosess som under gjevne føresetnader kan føre til at ein person i mindre grad aksepterer bruk av vald for å nå politiske, ideologiske eller religiøse mål.


Valdeleg ekstremisme er **hatkriminalitet**. Hatkriminaliteten kan også femne trugsmål, skadeverk og anna kriminalitet.

Nettekstremisme er radikalisering og valdeleg ekstremisme på internett. Nettekstremismen inneber å fremje ekstreme ideologiar og ytringar på internett som kan råkast av straffelova § 135 om diskriminerande og hatefulle ytringar.



Utanforskap eller sosial eksklusjon kan forståast som individuelle og strukturelle mekanismar eller barrierar for deltaking på ulike arenaer. Ulikskap i helse, utfordringar med rus, psykiske lidningar, låg deltaking i fritidsaktivitetar, prestasjonspress, ulikskap i økonomi, samt ulike moglegheiter for å følgje utdanningsløp og skaffe seg jobb, er døme på forhold som kan føre til utanforskap.

Felles for mange personar som søker seg til ekstremistiske miljø er nettopp opplevingar av utanforskap; å ikkje passe inn eller kjensla av å mislukkast på skulen, blant klassekameratar, i arbeidslivet, i lokalmiljøet eller i samfunnet. Dei kan også oppleve relasjonelle utfordringar med å knytte seg til etablerte sosiale grupper. Fleire har på ulike måtar opplevd krenkingar i livet, som mobbing og mishandling, destruktive familieforhold med rusmisbruk og vald, dårleg økonomi, eller arbeidsløyse. Nokon har også ei kjensle av å bli krenkt av samfunnet, at dei blir marginalisert eller diskriminert som individ eller gruppe. Ein eller gjentekne krenkingar kan føre til eit forenkla og generalisert syn på både menneske og religion. I ulike destruktive og udemokratiske miljø vil personane få støtte for dei negative og destruktive kjenslane. Utanforskap kan også vere eit resultat av krysskulturelle utfordringar der ein kjenner seg fastlåst mellom ulike norm- og verdssystem og opplever avmakt i forhold til identitetsforhandlingar og tilhøyrse.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

PS 29/19 Ymse

Arkivnr: 2017/1228-25

Saksbehandlar: Hege Bugge Gjerdevik Osebakken

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		27.08.2019
Utval for opplæring og helse		28.08.2019
Fylkesutvalet		19.09.2019
Fylkestinget		01.10.2019

Auka gjennomføring og fleire ut i lære – tilrådingar inn mot Vestland 2020**Samandrag**

Fylkestinget gjorde 12.12.2018 vedtak i sak PS 120/2018:

«Fylkestinget ber om evaluering av prosjektet, før det vert teke ei slutning om å innføre tiltaket som permanent ordning.»

Sak i høve evaluering og tilrådingar frå prosjektet vart handsama i Fylkesutvalet 29.05.2019 i PS 113/2019. Innstillinga i saka vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget. Saka vart trekt frå sakskartet før ho skulle handsamast der 12.06.2019.

Prosjektet arbeider ut 2019, og denne saka vil tydeleggjere tilrådingar etter erfaring og læring frå prosjektet.

Avdeling for opplæring og kompetanse i Vestland fylke har som målsetting mellom anna å sikre nærleik til elevar, lærlingar, lærebedrifter, opplæringskontor, skular og andre brukarar. Eleven og lærlingen er difor sett i sentrum i den nye organiseringa av sektoren. Det må vere eit mål at elevar som går ut frå Vg2 skal vere fagleg og sosialt kvalifiserte med dei kvalifikasjonane arbeidslivet etterspør og vere tilsetningsklare for lære plass og opplæring i bedrift.


Fylkesrådmannen syner til den nye organiseringa i Vestland fylke og ser at det er planlagt rettleiingstenester ute i fylket der skular, lærebedrifter og opplæringskontor bli følgt opp, og det er stor merksemd på det 4-årige løpet og kva som må til for å lukkast med heile den vidaregåande opplæringa. Læring i prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære» vil vere viktig å ta med vidare, og kunnskapsgrunnlaget som har kome fram gjennom prosjektet, bør kunne leggje føringar inn mot Vestland 2020.

Ny overordna del for læreplanverket i fagfornyninga forsterkar og samsvarar med læring og erfaringar som har kome fram gjennom prosjektet. *Skule og lærebedrift er likeverdige læringsarenaer. Opplæringa skal gje utgangspunkt for deltaking på alle område innafor utdannings-, arbeids- og samfunnsliv. Arbeidslivet har nokre krav og rammer som er annleis enn for opplæring i skule. Eit godt samarbeid mellom skule og arbeidsliv aukar moglegheitene for at fleire elevar og lærlingar skal kunne ta aktiv del i eiga opplæring.*

Prosjektet har gjennomført ei rekke aktivitetar og utvikla verktøy som har bidrege til eit tettare samarbeid mellom skule og arbeidsliv. Arbeidet med å etablere forståing for ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring i Hordaland er på rett veg. Metodar og verktøy set elevar og lærlingar i sentrum og har nytteverdi for skuleeigar i høve til danning- og utdanningsoppdraget.

Fylkeskommunen må støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve formidlingsarbeidet til læreplass, og det er behov for systematisk oppfølging frå skuleeigar for at skulane skal lukkast med dette arbeidet.

I oppfølginga av kvalitetsmeldinga skuleåret 2017/18 vart det vedtatt ei særleg oppfølging av tilboda som har låg overgang frå Vg2 til lære. Prosjektet «Auka Gjennomføring» har vore ein viktig reiskap i dette arbeidet. Skulane som har delteke i prosjektet, hadde gjennomføring med låg overgang til lære. Progresjon gjennom prosjektet og resultat frå skulane viser god framgang i høve gjennomføring med overgang til lære, sjå tabell under.



Økonomi: Vidareføring og vidareutvikling av metodar og verkty vil kunne inngå som ein del av det kvalitetsarbeidet som avdelinga for opplæring og kompetanse skal gjennomføre og innanfor dei budsjetttrammer som sektoren har til rådvelde.

Prosjektet har hatt ei driftsramme på 4.5 millionar per år. Dette har dekt inn lønsmidlar, kostnader til reise m.m. Prosjektet brukar driftsramma for 2019, ut over dette er det ikkje øyremerkta midlar til dette arbeidet.

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Helsedirektoratet peikar på at utdanning er lokalt folkehelsearbeid. Utdanning påverkar kva for levekår ein får og korleis ein kan møte helsebelastande og helsefremjande faktorar gjennom livet. I tillegg vert dei psykologiske trekk påverka, som igjen gir styrka helse. Helsedirektoratet understrekar ein klar årsakssamanheng mellom utdanning og helse. (Kjelde: Helsedirektoratet, «Utdanning og helseulikheter»).

Regional planstrategi: Regional plan for kompetanse og arbeidskraft 5.3 Dimensjonering av yrkesutdanninga - HFK er tillagt eit særskilt ansvar for dette i planen, men oppgåva må løysast gjennom det etablerte trepartssamarbeidet i fylket, der alle gjer ein jobb for å nå målet. I tillegg må aktørane lokalt ta eit større ansvar, både dei vidaregåande skulane, kommunane og lokalt næringsliv. Gode prognosar og analysar vil her vere påkravd. HFK har fleire verkemiddel på dette feltet. Gjennom yrkesfagkoordinatorar ved skulane, samarbeidsavtalar mellom skulane og bedriftene i regionen og støttetiltak til bedriftene sikrar vi at flest mogleg lærlingar gjennomfører utdanninga.

Forslag til innstilling

1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen frå skule til bedrift.
2. Skuleeigar må støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot læreplass etter Vg2, t.d. gjennom å gjere kjent og vidareutvikle metodar og verkty som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære»

3. Kunnskapsgrunnlaget som er kome fram gjennom prosjektet, bør kunne legge føringar for kvalitet i opplæringa inn mot Vestland 2020

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 14.08.2019

Gjennom arbeidet til dei fem yrkesfaglege koordinatorene (YFK) og eit systematisk arbeid på dei seks prosjektskulane har vi skapt ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring, og det er utvikla eit tettare samarbeid mellom skulane og arbeidslivet. Prosjektet har utvikla nye måtar skulane arbeider med ungdomane på for å sikre deira veg til læreplass. Metodar og verktøy set elevar og lærlingar i sentrum og har nytteverdi for skuleeigar i høve til dannelsings- og utdanningsoppdraget.


I prosjektplanen heiter det at prosjektet gjennom eit systematisk arbeid på prosjektskulane skal sikre ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring i Hordaland. Det skal utviklast eit tett samarbeid mellom skulane og arbeidslivet. Prosjektet skulle utvikle nye måtar å arbeide med ungdomane og deira veg til læreplass. System og metodar som vert utvikla, skal kunne implementerast på alle dei yrkesfaglege skulane etter prosjektperioden. System som vert utvikla og implementert, skal kunne gje varig effekt slik at fleire elevar skal kunne få prøve seg i lære. Etter prosjektperioden er over, skal Hordaland fylkeskommune ha utarbeidd ein tydeleg strategi for korleis ein arbeider med den enkelte ungdom som byrjar på ei fagutdanning.

System og metodar som er utvikla er overførbare og kan implementerast på alle dei yrkesfaglege skulane etter prosjektperioden og vil kunne gje varig effekt slik at fleire elevar skal kunne få seg læreplass. Hordaland fylkeskommune og Vestland 2020 kan ved å implementere dei system og metodar som er utvikla gjennom prosjektet, vise at ein har ein tydeleg strategi for korleis ein arbeider med den enkelte ungdom som byrjar på ei fagutdanning og sikrar ei heilskapleg 4-årig opplæring for alle som vel yrkesfagleg utdanning.

Skule og lærebedrift er likeverdige læringsarenaer. Opplæringa skal gje utgangspunkt for deltaking på alle område innafor utdannings-, arbeids- og samfunnsliv. Arbeidslivet har nokre krav og rammer som er anleis enn for opplæring i skule. Eit godt samarbeid mellom skule og arbeidsliv aukar moglegheitene for at fleire elevar og lærlingar skal kunne ta aktiv del i eiga opplæring. Det må vere eit mål at elevar som går ut frå Vg2, skal vere fagleg og sosialt kvalifiserte med den kompetansen arbeidslivet etterspør og vere tilsetningsklare for læreplass og opplæring i bedrift.

Resultat

Prosjektskulane er i tett dialog med eleven og har målt tal elevar med avtale om læreplass. Alle skulane har positiv progresjon, det viser seg at det nyttar å ha fokus på arbeidet med at eleven skal kunne vere tilsetningsklar for læreplass.



*Voss gymnas er del av ei samanslåing av fleire skular, og eigne tal finst ikkje for 2016 og 2017. Sjå Voss vgs

Tilråding

Prosjektet arbeider med endringsprosessar som omfattar det personlege, systematiske og organisatoriske planet. Fylkesrådmannen meiner desse prosessane tek tid å få fast implementert og få overført til dei andre skulane. Målet er at ein skal skape same kvalitet i heile fylket på sikt. YFK er ein ressurs i tillegg til dei som alt er i skulen. Dersom det skal vere mogleg å få til dei ønska endringane, krev det at nokon har jobben med å drive prosessane, både innan eigen administrasjon og ute i samarbeid med skulane. Prosjektet går ut 2019, men suksessen i tiltaket er verd å ta vidare i alt arbeid med å sikre eit opplæringsløp der fleire fullfører.

Fylkesrådmannen meiner dei vidaregåande skulane i ei heilskapleg opplæring skal ha ei aktiv rolle i formidlingsprosessen frå Vg2 til læreplass. Skulane kan gjennom dette bidra til å auke tal lærebedrifter og tal elevar som får seg læreplass. Ved optimal bruk av skulane sitt handlingsrom innan programfaga og i yrkesfagleg fordjuping (YFF) oppnår skulen tettare og meir forpliktande samarbeid med arbeidslivet, og eleven får læring, utvikling og danning inn mot ønska lærefag.

Skulen får formidlingsansvar til lærefag som har opplæring i bedrift, og med det ansvaret for eleven sin overgang frå Vg2 i skule til opplæring i bedrift. Prosjektet har utvikla formidlingsplan for prosess, metode, rutine og ansvarsfordeling som tek i vare det systemretta arbeidet med mål om tidleg formidling til lære.

Formidlingsplan med aktivitetar både på system- og individnivå må verte ein del av skulens årshjul. Felles retningslinjer og informasjon frå skulane i høve til YFF skal sikre samarbeidet med arbeidslivet og avklare roller og ansvar mellom dei ulike aktørane. Dei vidaregåande skulane skal førebu elevar både fagleg og sosialt for opplæring i bedrift. Samarbeid med arbeidslivet er nøkkelen for at søkjarar til læreplass kan få lærekontrakt eller opplæringskontrakt.

Dei vidaregåande skulane får med dette ansvar for elevane fram til dei har skrive under kontrakt med lærebedrift. Dersom eleven ikkje er kvalifisert for overgang til opplæring i bedrift, skal avgjevarskulen sette i verk individuelt tilpassa tilbod, slik at eleven kan fullføre opplæringa han har starta på.

Alternativ slutt opplæring i skule (Vg3) vert sett i gang etter behov. Når kvalifiserte søkjarar som ønskjer slutt opplæring i skule står igjen utan læreplass, må skuleeigar ta initiativ til å opprette eit tilbod om alternativ Vg3 i samarbeid med ein eller fleire av dei vidaregåande skulane.

Overgangen mellom skule og bedrift er kritisk for ein del elevar. Det er viktig for elevens sjølvstende og meistringsskjensle med eit tett og godt samarbeid mellom skulane, lærebedriftene, opplæringskontor og fylkeskommunen. Områda skulen ligg i, må forplikte seg saman med partane og ha ulike møtearenaer og samarbeidsforum. Fylkesrådmannen ser stor verdi og nytte av følgjande tiltak som er utvikla gjennom prosjektet.

- Samarbeidsmøte - nettverk mellom næringslivet og skulen.
- Formaliserte samarbeidsavtalar i YFF, registrert på Utdanning.no
- Læreplasskonferansar
- YFF-faget vert nytta med mål om læreplass.
- Nytt handlingsrommet til skulen
- Læreplassrekneskapan - IKO (identifisering, kartlegging og oppfølging) -verktøyet for systematisk oppfølging av dei som vil slite med å kunne få seg læreplass.

Mål om relevant opplæring og læreplass etter Vg2

Fylkesrådmannen ønskjer ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring tett på brukarane. Fylkesrådmannen ønskjer stillingar som kan støtte skular i eit område med systemarbeidet, støtte lærlingar og lærebedrifter i overgangen og undervegs i læreløpet der det trengst. Berre i Hordaland formidlar vi 1800 rettselevar kvart år, og vi står att med 150 elevar som vil trenge ekstra merksemd. Systematisk IKO-arbeid i skulen, gjennomføring av aktivitetar og fokus på at eleven skal vere tilsetningsklar etter Vg2 vil på sikt gje resultat. Her kan slike stillingar gjere ein forskjell.

Yrkesfagleg fordjuping (YFF) er det største programfaget og er i stor grad inngangsbilletten til ein læreplass. YFF krev mykje samarbeid med næringslivet for å gje elevane den optimale posisjonen for mogleg læreplass. Heile 60 - 70 % av elevane frå Vg2 på landsbasis får seg læreplass gjennom dette faget. I Hordaland er det store ulikskapar med tanke på korleis skulane nyttar faget YFF. Prosjektet har utarbeidd felles retningslinjer som synleggjer struktur og organisering av YFF. Fylkesrådmannen ser det som nyttig at også skular utanfor prosjektet tek desse i bruk.

Meirverdi vidare vil vere å få utvikla og teke i bruk elektronisk system for å vere tett på i høve til internkontroll for alle lærlingar og lærebedrifter. Opplæring i bedrift krev intern opplæringsplan og halvtårssamtale med kvar lærling.


Fylkesrådmannen meiner at det i tillegg til system- og endringsarbeid er trong for å arbeide målretta med følgjande oppgåver for å kunne ha ei føreseieleg fag- og yrkesopplæring i fylket:

- Rekruttere/vedlikehalde bedrifter i lærlingordninga.
- Følgje opp LPR, bruk av YFF, skulen si involvering i fireårsløpet, formalisere avtaler med bedrifter osv.
- Støtte i overgangen til lære og alternative Vg3-tilbod for dei elvane som ikkje har fått seg læreplass.
- Møte igjen både ungdom og bedrift fyrste halvår i læretida.
- Vere støtte og ressurs for bedrifter undervegs i læretida.
- Følgje opp at manglar i høve til teori hjå lærlingane vert retta opp.

Yrkesfagleg koordinator - brubyggjaren til ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring

Når eleven har kome seg over i lære fullfører fleire. Derfor er det større behov for oppfølging av eleven medan han er i skulen. Prosjektet har utvikla system og metodar, desse bør implementerast og takast i bruk på alle skulane med yrkesfaglege utdanningsprogram. Dei yrkesfaglege koordinatorane har vore bindeleddet og pådrivarane i skulane med dette arbeidet gjennom prosjektet.

Fylkesrådmannen meiner vi med denne modellen set eleven/lærlingen i sentrum og med det får ei teneste som har meirverdi både for individ og system og med det oppnår ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring.



Skulen Vg1

- Identifisering, kartlegging av eleven, interesser og mål for utdanningsprogrammet
- Relevant arbeids- og observasjonspraksis og opplæringsarena i faget YFF
- **YFK - Støtte for skulen i systemarbeidet**

Skulen Vg2

- Identifisering, kartlegging av eleven, interesser og mål for utdanningsprogrammet
- Relevant arbeidspraksis og opplæringsarena i faget YFF
- Målretta (IKO) oppfølging med mål om læreplass etter Vg2
- **YFK - Støtte for skule og lærebedrift i overgangen frå elev til lærling, system- og til tider individarbeid. YFK - bindeleddet mellom skule, forvaltning og opplæringsbedrift, organisator av felles formidlingsaktivitetar.**

Bedrift Vg3

- **YFK - rettleie, følgje opp og støtte lærlingar/lærekandidatar og lærebedrifter**

Økonomiske konsekvensar

Prosjektet har hatt ei driftsramme på 4.5 millionar per år. Dette har dekt inn lønsmidlar, kostnader til reise m.m.

Prosjektet leverer i høve målet med prosjektet. Dersom metodar og verktøy skal implementerast, må det setjast av ressursar for å få desse vidareutvikla og innført på skulane.

Det er trong for tettare oppfølging før eleven kjem seg over til lære. Nokon må støtte skulane i dette arbeidet. Fylkesrådmannen støttar dette og ser at det også vil vere behov for systematisk oppfølging frå skuleeigar si side om fylkeskommunen skal lukkast med dette arbeidet.

Dette arbeidet vert no planlagt teke i vare via rettleiingstenesta. Dei som har vore tilsett som YKF har opparbeidd seg ein unik kompetanse og denne bør fylkeskommunen ta med seg vidare. Det er prosjektet si tilråding at ein finn att stillingar i den nye rettleiingstenesta som følger opp dette arbeidsfeltet.

To av dei fem opprinnelege YFK kom frå jobb i Hordaland fylkeskommune, desse er gjennom innplassering blitt tilsett ved dei nye rettleiingstenestene. To av dei resterande YFK har no funne seg andre stillingar i fylkeskommunen. Prosjektleiinga er i dialog med skulane som har mista sin YFK og det vert arbeida med løysing på å finne ny YFK ut prosjektperioden. Status for situasjonen er at ein av dei fem opprinnelege YFK ikkje har jobb i fylkeskommunen vidare, men vedkomande har permisjon frå tidlegera arbeidsgjevar ut 2019.